

Ventelistesaka – Vestre Viken HF har lagt ned eit **betydelig arbeid** for å **hindre nye lovbrøt**

Statens helsetilsyn fekk i januar 2010 opplysningar om at kirurgisk avdeling ved Sykehuset Asker og Bærum (no: Bærum sykehus), Vestre Viken HF, handterte ventelistepasientar på ein uforsvarleg måte. Statens helsetilsyn sende i oktober 2010 ei tilråding til politiet om påtale mot Vestre Viken HF. Politimestren i Bærum gav dei eit førelegg på fem millionar kroner. Førelegget blei gitt på vilkår, slik at Vestre Viken HF ikkje måtte betale summen så langt det ikkje blei avdekt liknande lovbrøt i ei prøvetid på fem år.

I tilsynssaka konkluderte Statens helsetilsyn med at føretaket i pasientbehandlinga hadde brote kravet om forsvarleg behandling i spesialisthelsetenestelova § 2-2. Vidare var pasientrettslova § 2-1 brote ved at dei systematisk, og over tid, endra datoen for rett til helsehjelp utan at det var medisinsk grunn til det, og lét vere å informere pasientane om rettane deira.

Statens helsetilsyn følgde opp tilsynssaka blant anna ved at Vestre Viken HF i prøveperioden fekk plikt til å rapportere om korleis dei sikra at lovbrøta blei retta og ikkje skjedde igjen. Vi gjennomførte eit oppfølgingstilsyn i oktober 2015 for å

undersøkje praksisen ved avdelinga, blant anna korleis leiinga styrer og følgjer opp at tenestene er forsvarlege, og at sjukehuset tek hand om ventelistepasientane. Vi hadde samtalar med involverte leiarar. I tillegg gjekk vi gjennom fleire prosedyrar, referat og 30 journalar.

Statens helsetilsyn avdekte ingen lovbrøt ved dette tilsynet. Tilsynet blei derfor avslutta 21. oktober 2015. Asker og Bærum politidistrikt blei samtidig informert om konklusjonen vår, og beslutta derfor å ikkje driva inn førelegget.